



Energidepartementet

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Tore Larsen, 5764 3126

Fråsegn til strategisk konsekvensutredning for Sørvest F, Vestavind B og Vestavind F

Vi viser til høyringa av strategisk konsekvensutredning for Sørvest F, Vestavind B og Vestavind F.

Dette er eit omfattande sakskompleks. Vi har hatt fokus på fagutgreiinga for verknader av havvind på sjøfugl og fugletrekk, og vi har nokre få merknader til denne.

Våre merknader

Mye av informasjonen om hekkebestandar av sjøfugl i influensområdet til Vestavind B ser ut til å vere baserte på tal frå ei enkelt kartlegging i 2024. Data som er samla inn av Statsforvaltaren frå 1980-talet og fram til no viser at hekkebestandane i 2024 var av dei svakaste som er registrert, noko som betyr at til dømes framstillinga av storleiken på sjøfuglkoloniar i figur 5.2.1.2.1 gir eit augeblikksbilete som ikkje nødvendigvis er representativt så mange år inn i framtida.

Gjennom dei siste 40 åra har ytre Solund og Askvoll hatt dei langt største hekkebestandane av sjøfugl i fylket, og dersom næringstilhøva skulle betre seg i åra som kjem vil nok eit kart over viktige koloniar kome til å sjå annleis ut enn i rapporten. Det same vil gjelde for konsekvensvurderingane som er gjort; vi er redd for at dei i for stor grad viser til eit situasjonsbilete som berre er relevant for sjøfuglbestandane slik dei er no, med minimale hekkebestandar over store delar av Vestland fylke.

Vi stussar litt over framstillinga av bestandstrender i figur 5.2.5.1, då dei på detaljnivå avviker ein del frå våre data frå same tidsperiodar. Figurane og delar av teksten i del 5.2.5 tyder på at framstillinga er basert på utviklinga i berre eit lite tal hekkelokalitetar i Hordaland, og at ein ikkje har gjort bruk av andre og i mange tilfelle betre tidsseriar. Dette er likevel ikkje nokon vesentleg innvending, ettersom mønsteret i bestandsutviklinga i stor grad har vore den same i heile Vestland. Framstillinga er dermed representativ for den generelle situasjonen, sjølv om datagrunnlaget som er lagt til grunn kan sjå ut til å vere noko tynt.

Det er positivt at rapporten seier det rett ut at det er så store kunnskapshol om trekkfuglane sine ruter over Nordsjøen at det ikkje er mogleg å seie særleg mykje om verknadene av ei utbygging av Vestavind B (del 5.3.4). Fordi ein ikkje veit korleis trekkrutene over Nordsjøen går, er det naturleg å legge til grunn at mange terrestriske artar tar den kortaste vegen over havet og dermed flyg frå Nordvestlandet via Shetland til De britiske øyer. Dette blir då òg i stor grad stadfesta av registrert



trekkaktivitet over Shetland, men korleis trekkfronten går frå norsk side er ukjent og bør kartleggast med radar før ein går vidare med Vestavind B.

Vi støttar derfor NVE si tilråding om å avvente opning av Vestavind B til ein kan samanlikne med andre prosjekt. Dette ville òg vore det mest ideelle for dei andre prosjekta som no er på høyring.

Med helsing

Tore Larsen
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM